



Tveitstø Båtforrenning  
Furulia 4  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/2636 - 15/1471

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
22.01.2015

## Dispensasjon og løyve til tiltak - gbnr 29/5 Hauge (Dalsgrend) - servicebygg/båtbryggehus

### Administrativt vedtak:

#### Vedtak 1

Med heimel i plan- og bygningslova §19-1 jf § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (kommuneplanen) og pbl §1-8 (forbod mot bygging i strandsona).

#### Vedtak 2

Med heimel i plan-og bygningslova § 20-2 vert det gjeve løyve til oppføring

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast i samsvar med situasjonsplan og teikningar mottekne 17.03.2014
2. Tiltakshavar skal sjå til at arbeida vert gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
3. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
4. Byggesaka skal avsluttast med ferdigattest, eventuelt kan det søkast om mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf pbl § 21-10

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

### Søknaden gjeld

oppføring av servicebygg i tilknyting til småbåthamn. BYA er 34 m<sup>2</sup>, BRA er 24 m<sup>2</sup>.

### **Planstatus**

Bustadeigedommen ligg i LNFR-område og i strandsona. Saka må difor handsamast som dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet.

### **Forholdet til naboor:**

Eigarane av naboeigedomme er varsle. Det er ikkje registrert merknader til søknaden.

Eigaren av arealet arealet der småbåtanlegget er plassert har kvittert på «samtykker i tiltaket». Vi legg til grunn for løyvet at omsøkte tiltak er omfatta av leigeavtale for grunnen.

### **Forholdet til andre styresmakter:**

Dispensasjonssøknaden har vore på høyring hjå kommunale og regionale planstyresmakter, utan at det har komme merknader. Vedtaket vert sendt fylkesmannen og fylkeskommunen for klagevurdering

**Søknaden om dispensasjon** kom inn 11.07.2014.

Søknaden er grunngjeven med at tiltaket er lite i forhold til kostnaden med ein reguleringsplan. Bygget får ei utforming og plassering som ikkje er dominerande i landskapet, og området blir ryddigare når utstyr blir samla under tak.

### **Dispensasjonsvurdering:**

Moment som talar mot godkjenning:

- Den vedtekne arealbruken i kommunedelplanen, som er LNFR.
- Egedommen ligg i 100-metersbeltet
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Tiltaket er på ein "eigedom som er bygd på", som tidlegare inngjekk i kommuneplanen som byggeområde etter § 3.1 i føresegnene til kommuneplanen.
- At tiltaket er eit tillegg til eksisterande anlegg, gjer at tiltaket ikkje vil få vesentleg innverknad på allmenn bruk av sjø og strandsone.
- Tiltaket vil ikkje forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.
- Trongen for lagringsplass under tak

### **Konklusjon**

Administrasjonen har drøfta saka og finn at godkjenning av søknaden ikkje vil få vesentlege arealmessige følgjer, og at godkjenning av søknaden ikkje vil skapa uheldig presedens eller på annan måte svekka arealdelen som styringsreiskap. Etter ei samla vurdering kjem administrasjonen til at fordelane er større enn ulempene, jf. kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

### **Klage**

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage første gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

### **Gebyr.**

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Søknadspliktige tiltak		Gebyr	
Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.1	Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone, Pbl § 1-8	1	Kr 8 500,-
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealformål i plan	1	Kr 8 500,-
10.3.1	Basisgebyr uthus/garasje	1	Kr 6 200,-
<b>Totalt gebyr å betala</b>			<b>Kr 23 200,-</b>

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr, jf. *Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingstjeneste (Gebyrregulativ for 2014)* § 4.12

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### **Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune

### **Mottakarar:**

Tveitstø Båtforrenings Furulia 4 5913 EIKANGERVÅG

